



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/25	namneutvalet	14.11.2025

Namn på ny barnehage i Hasund krins

Samandrag:

Eigedomsavdelinga i kommunen har spelt inn at den nye barnehagen som skal byggjast i Hasund krins må få eit offisielt namn. Prosjektnamnet er *Uglesætra/Uglasætra*, og før dette eventuelt blir etablert som namn, er det naudsynt å vedta eit formelt namn på den nye kommunale barnehagen som ligg i Gjerdsbakkane i Hasund krins.

Namnenemnda føreslår å vidareføre namnet *Sundgotmarka barnehage*, som er namnet på barnehagen som skal erstattast. Namnet vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til Språkrådet.

namneutvalet 14.11.2025

Behandling:

Det er forslag om å vidareføre namnet for ny barnehage for Sundgotmarka barnehage. Argumentet er at dette er geografisk rett jf. alle andre barnehagane i kommunen.

Utvalet er samstemte i dette.

Namneforslaga vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til Språkrådet.

NAM - 04/25 Vedtak

Namneutvalet går inn for at namnet på den nye barnehagen i Hasund krins skal heite Sundgotmarka barnehage.

Kommunalsjefen si tilråding:

Saka vert lagt fram til drøfting utan tilråding.

Saksopplysninger:

[Lenke til eiedomen/området i Sunnmørskart.no](#)

Det er vedteke å bygge ny kommunal barnehage i Hasund Krins. Det har difor kome innspel frå eiedomsavdelinga i kommunen at barnehagen må namnsettast. Prosjektnamnet er Uglesætra/Uglasætra, så før dette vert eit etablert namn er det naudsynt å vedta eit offisielt namn på den nye kommunale barnehagen som ligg i Gjerdsbakkane i Hasund krins.

Det er forslag frå namnenemnda om å vidareføre namnet Sundgotmarka barnehage. Argumentet er at dette er geografisk rett jf. alle andre bhg i kommunen.



Teknisk utval er namnemynde i kommunen jf. lokal adresseforskrift, og gjer dermed endeleg vedtak i alle namnesaker etter råd frå namnenemnda.

Trine Sæter
ingeniør byggesak/eigedomskatt

Kartet i saksframlegget er i proffutgåva, sånn at det ikkje er mogleg å opne.